



LUNT: Denne fine gjengen hadde sikra seg plassane nærast peisen. Ute var det ikkje verande. F.v. : Martin, Amalie, Aragon, Torstein, Arvid og Eileen.

FAMILIEDAG MED PEISKOS

Ublidt vår sette kjeppar i hjula for det som skulle bli ein maritim dag i strandsona på Valen.

Trude Aarsand
trude@kvinnheringen.no

Ublidt vår sette kjeppar i hjula for det som skulle bli ein maritim dag i strandsona på Valen. I samband med Kystsogeveke-ne inviterte Valestiftinga og Kvinnherad kystlag til familiedag i Valebuo og Fjordmannsnaustet på laurdag. Dagen vart ikkje akkurat slik arrangørane hadde håpa på. Det sytte regn og vind for. Å padla kano eller ro er ikkje så freistande i dårleg vær, og nettopp derfor valde mange å bli heime i staden for å hiva seg med i aktivitetane ved sjøen. Men dei

som møtte såg likevel ut til å ha det koseleg. Ute på sjøen var det mest ikkje nokon å sjå, men den brennande peisen inni Valebuo trekte folk. Der kunne ein både varma seg og prata med andre utan å bli våt og kald. I teltet utanfor gjekk det unna på pølser og sveler.

- Eg er skuffa, det vedgår eg gjerne. Men været kan ein jo aldri stola på. At folk blir heime i slikt vær som dette, forstår eg godt, sa Reidar Handeland i Valestiftinga.

Om det var lite folk på dagtid, håpte Handeland på fullt hus om kvelden. Då var det nemleg duka for blueskveld for vaksne med bandet Fifty Fifty Blues Band i Valebuo.

I Fjordmannsnaustet var det heller liten aktivitet. Lenge før planlagt tid forhalte dei robåten inn igjen i naustet.

- No gir vi oss og håpar på betre vær neste gong, sa Leif Jarle Kalvestad, like blid.



FORHALTE: Båtane vart forhalte før tida.